



NVE


Fjellskrediverkingen
NVE, Seksjon for fjellskred
www.nve.no/fjellskred



regVarsel FJELLSKRED ▲

DAGSRAPPORT GULT FARENIVÅ FOR VESLEMANNEN.

Dato: 16. juli 2019



Veslemannen

GULT FARENIVÅ

NVE overvåker kontinuerlig og i sanntid syv ustabile fjellparti som alle utgjør en høy risiko for fjellskred. Hvert fjellparti har til enhver tid et farenivå etter skala på fire trinn: Lav (grønn), moderat (gul), høy (oransje) og ekstrem (rød) fare.

Auka bevegelse i natt

Veslemannen er ein liten, men svært aktiv del av fjellpartiet Mannen. Farenivået har variert tidlegare i sommar, men sidan 9. juli har det vore gult.

Hastigheita i fjellpartiet har vore uendra den siste tida, men regnvær i går kveld og natt førte til at denne auka og det var steinsprang. Etter at det blei opphaldsvær i morgontimane har hastigheita avtatt noko, men den er likevel høgare enn før regnværet. No er hastigheita opptil 200 mm/døgn i øvre del av området, og omlag 15 mm/døgn i frontpartiet.

I år har det vore store bevegelsar tidligare enn normalt, noko som tyder på dårlegare stabilitet. Fjellpartiet akselererer raskt, også når det berre er små nedbørsmengder. Heving av farenivå kan difor skje relativt raskt.

Ved gult farenivå blir det publisert ein dagsrapport ca. kl 09:00:

www.varsom.no/fjellskredovervaking/varsel/veslemannen/


Les mer om Mannen og Veslemannen på: www.nve.no/flaum-og-skred/fjellskredovervaking/mannen

NVEs pressetelefon: 489 97 667 (ikke SMS)

Tabell 1: Måledata den 16. juli 2019 kl. 08:30

Målinger	Avlesning	Siste døgn	Sist uke	Sist måned
Bevegelser				
Radar pkt 1 (øvre del) (mm)		99	560	1705
Radar pkt 6 (nedre del) (mm)		14	100	257
Meteorologiske data				
Temperatur (°C)	2,5			
Nedbør (mm)		11		

Figur 1: Oversikt over plassering av radarpunktene.



Figur 2: Bevegelsar i utvalgte punkt dei siste fire dagane.

